

# ÅI SV

## Kommuneval 2019



**For dei mange  
– ikkje for dei få**

sv.no

# Verdival

**Politikk handlar om korleis vi vil leve saman og kva vi ynskjer å gje vidare til dei som kjem etter oss. Ål SV løftar fram verdiar som berekraftig utvikling og livskvalitet. Vi må i alle samanhengar ta ansvar for å forvalte ressursane og sikre ei rettferdig fordeling, slik at også framtidige generasjonar får leve gode liv.**

## Natur, miljø og klima

Fleire rapportar frå FN har vist at det vil ha katastrofale konsekvensar for menneske, samfunn og økosystem, om vi ikkje greier å begrense oppvarminga til 1,5 grader. Ål SV vil vere pådrivar for å sette inn nødvendige tiltak for å bevare natur og miljø lokalt og legge til rette for eit klimavenleg levesett.

### Ål SV vil

- oppdatere og prioritere tiltak i klima- og energiplan for Ål kommune.
- satse på fornybare energikjelder og klimavenlege løysingar innan bygg og transport, samt stimulere til redusert straumforbruk.
- utvide gang- og sykkelnettet i kommunen.
- sikre gode gjenvinningsordningar med lokal handtering av avfall, og legge til rette for privat kompostering.
- følge opp skogplanting og vern av myrområder.
- vekleggje miljøomsyn ved regulering av hytte- og bustadfelt.

## Helse og sosial

Ål SV vil sikre alle som bur i Ål naudsynte helse- og sosialtenester, så dei kan kjenne seg trygge og meistre kvardagen sin. Tenestene skal vere tilgjengelege, tilstrekkelege, rimelege og av høg kvalitet. Helse og omsorg er eit offentleg ansvar. Ål vil i åra som kjem få ei stor auke i talet på eldre over 67 år, difor vil vi prioritere omsorgstenestene no.

### Ål SV vil

- støtte vidareutvikling av dagtilbod til eldre og demente.
- styrke grunnbemanningsa og få ned vikarbruken.
- sikre rekruttering av kvalifiserte helsearbeidrarar.
- vekleggje kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi som viktige verktøy i omsorgstenestene.
- støtte arbeidet med å utvikle nye modellar og gode samarbeidsformer mellom barnehage, skule, helsestasjon og psykisk helse.
- legge til rette for kommunale praksisplassar.
- sikre at innbyggjarane får god oppfølging av NAV, sjølv med samlokaliseringa av NAV-kontora.
- vidareføre frisklivssatsinga og folkehelsearbeidet.
- støtte arbeidet til Frivilligsentralen.
- støtte interkommunalt samarbeid.

**“Tenestene skal vere tilgjengelege, tilstrekkelege, rimelege og av høg kvalitet.”**

## **Oppvekst**

Ål skal vera ei god oppvekst kommune, og Ål SV vil sette høge mål for det arbeidet som går føre seg i skule og barnehage. Og framsnakke Ål som ein god oppvekst kommune. Skulen skal ha ressursar som gjer den i stand til å sjå enkelteleven og løfte fellesskapet. Barn og unge må forhalde seg til eit samfunn i rivande utvikling på mange plan. Dei må rustast til å stå støtt og trygt i møte med samfunnsendringane.

## **Ål SV vil**

- ha mange nok og godt kvalifiserte tilsette i skule og barnehage.
- sørge for tidleg innsats både når det gjeld kvalitet og bemanning.
- opne for andre yrkesgrupper i skulen som kan samarbeide med lærarane om å skape trivsel, læring, toleranse og solidaritet.
- sikre oppfølging av gode overgangsplaner.
- ta initiativ til innføring av skulemåltid.
- støtte tilbod om leksehjelp for alle, gjerne i samarbeid med andre aktørar.
- gje skulefritidsordninga eit fagleg og økonomisk løft.
- redusere foreldrebetaling for barnehage, sfo og kulturskule.
- skolere føresette til aktivt å ta del i haldningsarbeid for å bygge godt oppvekstmiljø.

**“redusere foreldrebetaling for  
barnehage, sfo og kulturskole”**

## **Kultur og fritid**

Ål er ei sterkt kulturkommune med godt fritidstilbod for alle. Vi vil oppmunstre og legge til rette for meir samarbeid mellom kultur, helse, oppvekst, idrett og frivillige. Folkemusikk og folkedans er definert av UNESCO som ein del av vår felles kulturarv. Forvalting av denne kulturarven er eit viktig kommunalt ansvar.

## **Ål SV vil**

- at Ål kulturhus skal vere eit kraftsenter i Hallingdal med innhald og aktivitetar av høg kvalitet for alle.
- stimulere til utvikling av kulturbasert næring i Ål kommune.
- støtte lokale arrangement og festivalar som set Ål på kartet.
- støtte prosjektet «korps i skulen» og arbeide for at det blir lagt til rette for eit vidare tilbod for opplæring og samspel.
- auke lokale midlar til den Den Kulturelle Skulesekken i Ål.
- innføre subsidiert leige av sal og scene i Ål Kulturhus for lokale ikkje-kommersielle arrangement for barn og unge.
- arbeide for at alle idrettsinteresserte, på alle nivå, opplever meistring.
- gje det frivillige arbeidet i Ål gode rammevilkår.

**“Ål SV ynskjer eit inkluderande  
kulturliv med rom for alle”**

## Næringspolitikk og ressursforvaltning

Vi lever i eit land rikt på ressursar. Vasskraft er ein nasjonal og lokal ressurs som hører til fellesskapet og til generasjonane etter oss. Vi har eit unikt høve til å utvikle eit nytt og grønt næringsliv, med sterkt økonomi og kompetente arbeidsfolk. Skal vi sikre trygg matforsyning, må vi nytte ressursane vi har til matproduksjon over heile landet. SV vil satse på næringar som ikkje fører til utslepp, men som bygger på fornybare kjelder og som gir størst ringverknad lokalt.

### Ål SV vil

- regulere straumpris for å redusere høgt forbruk. Samtidig vil vi ha ein sosial profil med pristak på normalforbruk.
- at landbruket skal produsere berekraftig og miljøvenleg mat og at andelen økologisk matproduksjon må auke. Matproduksjon på utmarksbeite bør premierast.
- ha spreidd busetjing og livskraftige bygder der også små og mellomstore bruk kan drivast i kombinasjon med anna næring.
- verne all matjord. Nedbygd matjord må erstattast med oppdyrkning andre stader.
- ha eit reiseliv basert på oppleveling, lokal identitet, kultur og natur. Vi vil støtte heilårsaktivitet i alpinsenter og legge til rette for sykkelaktivitetar i utmark.
- legge til rette for nye næringsareal og bustadfelt.
- at vidaregåande skule, næringsutviklingsmiljø og bedrifter skal samarbeide for å aktivisere ungdom i jobbskaping. Fleire lærlingplassar må oppretta i privat og kommunal verksemد.
- gjere Myren til gågate.
- ha eit levande sentrum med grøne møtestader med leik og handel.
- at Ål kommune skal handle varer og tenester mest mogleg lokalt.

## Valliste SV - Sosialistisk Venstreparti til kommunestyrevalet 2019 i Ål

Nr	Namn (Fornamn, Etternavn)	Får
1	MARIT SEHL	1975
2	VILDE SPRINGGARD	1988
3	Inga Stoveland Dekko	2002
4	Erlend Lerøen	1991
5	Alf Bjarne Thoresen	1945
6	Vanja Suul Tørhaug	1971
7	Gunnhild Indgjerd	1960
8	Torunn Jørgensen	1953
9	Bergljot Kaslegard	1976
10	Kjell Arne Haavaldsen	1951
11	Magnus Nybråten Malmquist	1997
12	Gerd Ljønes Brunsvold	1952
13	Borgny Holde Andersson	1950
14	Per Ove Nybråten	1953
15	Laurits Buttinsrud	1996
16	Iris Almås Tangeraas	1983
17	Nina Aamot	1978
18	Ingebjørg Isungset	1989
19	Hallvard Rübner Indgjerd	1986



### **1. kandidat**

**Marit Sehl, 44 år,  
Bustad: Votndalen  
Yrke: musikar**

Politisk mål: vera med og bidra til det gode arbeidet Ål kommune gjer med å skape eit samfunn der vi yter etter evne og får etter behov - i eit varmt og inkluderande nærmiljø!



### **2. kandidat**

**Vilde Springgard, 31 år  
Bustad: Leveld  
Yrke: psykomotorisk fysioterapeut**

Politisk mål: som nybakt mor kjenner eg særleg på ansvaret for å ta klimakrisa på alvor. Dei som kjem etter oss skal få vekse opp i eit levande og klimavennleg samfunn.



Meld deg inn i SV!  
Send SMS med  
**INNMELDING <din e-post>  
<ditt navn> <din adresse>  
til 2090 (100 kroner)**

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22  
0654 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

